

**Sak 27-25 HØYRINGSUTTALE FJERNTOGSTRATEGIEN****Bakgrunn:**

Fjerntogstrategien pekar ut retninga for utviklinga av lange togreiser fram både innanlands og over landegrensar mot 2050. Strategien, som er utarbeidd av Jernbanedirektoratet, gir eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med jernbanepolitikken i NTP. Strategien tek for seg kundeorienterte tilbod og infrastrukturiltak som kan bidra til å styrke konkurransekrafta til fjerntoga. Analysane samanliknar ulike strekningar og vurderer effektar av kortare reisetid, større kapasitet og ulike prisverkemiddel i konkurransen mellom tog og fly. Arbeidet vart levert til Samferdselsdepartementet 1. april 2026, med høyringsfrist 15. juni.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet sender vedlagte utkast til høyringsvar på fjerntogstrategien til jernbanedirektoratet innan fristen 15. juni.

Hallingdal, 20. mai 2026

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

**Vedlegg:**

Forslag til høyringsuttale fjerntogstrategi

## **FORSLAG TIL HØYRINGSUTTALE – FJERNTOGSTRATEGI, GODSSTRATEGI OG KOLLEKTIVSTUDIE FOR ØSTLANDET**

Høyringsuttale – Fjerntogstrategi, godsstrategi og kollektivstudie for Østlandet  
Til Jernbanedirektoratet

### **1. Innleiing**

Regionrådet for Hallingdal viser til Jernbanedirektoratet sine utgreiingar om jernbanen fram mot 2050. Utgreiinga gir eit viktig kunnskapsgrunnlag og peikar på sentrale utfordringar som auka transportbehov, befolkningsvekst, kapasitetsproblem i Oslo, klimakrav og behovet for meir robust infrastruktur.

Eit hovudbodskap er at framtidens transportutfordringar ikkje kan løysast utan jernbanen, noko Regionrådet støttar. Samstundes meiner me at strategiane i for liten grad peikar på konkrete tiltak som må gjennomførast no. Skal jernbanen bli eit reelt alternativ til fly og veg, trengst tydelege prioriteringar og sterkare gjennomføringsevne.

### **2. Bergensbanen – strekninga med størst potensiale**

Fjerntogstrategien peikar på strekninga Oslo–Bergen som den korridoren der potensialet for overgang frå fly til tog er størst. Dette er ei viktig og riktig prioritering. Bergensbanen har det største marknadspotensial og kan gi betydelege klimaeffektar gjennom kortare reisetid, høgare frekvens, betre regularitet og auka komfort.

Regionrådet for Hallingdal støttar vurderinga av at desse faktorane er avgjerande for å styrke toget si konkurransekraft. Det er også heilt i tråd med det Regionrådet for Hallingdal har spelt inn i mange NTP prosessar tidlegare. Dette er vektige argument, som må følgjast opp med konkrete investeringar.

### **3. Ringeriksbanen - eit nasjonalt prosjekt**

Ringeriksbanen er eit av dei mest gjennomarbeida samferdselsprosjekta i Noreg. Prosjektet er vedteke av Stortinget, ligg i gjeldande Nasjonal transportplan og er ferdig regulert. Det gir stor samfunnsnytte gjennom kortare reisetid mellom Oslo og Bergen, betre kapasitet og styrkt grunnlag for godstransport. Det vil også bidra til at reiser til og frå reiselivsdestinasjonen Hallingdal, i større grad blir gjennomført med tog.

Dette er eit prosjekt klart for gjennomføring, ikkje for nye utgreiingar. Regionrådet for Hallingdal understrekar difor at Ringeriksbanen ikkje må bli forseinka av nye prosessar eller omkampar.

### **4. Kapasitetsutfordringar i Oslo**

Kollektivstudien peikar på kapasiteten i Oslo som ei hovudutfordring, noko Regionrådet for Hallingdal støttar. Samstundes må ikkje ein ny rikstunnel bli eit argument for å utsette prosjekt som allereie er klare. Ringeriksbanen bør gjennomførast parallelt med tunnelarbeidet, og vil styrkje både aust–vest-korridoren og nytten av framtidig kapasitet.

### **5. Gods, beredskap og nasjonal tryggleik**

Godsstrategien framhevar jernbanen som sentral for beredskap og totalforsvar. Eit robust jernbanelnett er avgjerande for trygg transport av gods og for mobilitet i kriser.

Ein sterk aust–vest-korridor er særleg viktig. Ringeriksbanen vil styrkje kapasitet og robustheit, og har difor ei viktig rolle for forsyningsikkerheit og nasjonal tryggleik.

## 6. Vår tilråding

- Ringeriksbanen må gjennomførast i tråd med gjeldande Nasjonal transportplan.
- Planlegging og realisering av ny rikstunnel i Oslo må intensiverast, utan å forseinke andre prosjekt.
- Aust–vest-korridoren må prioriterast nasjonalt, med omsyn til klima, kapasitet, gods og beredskap.
- Fjerntogstrategien må følgjast opp med konkrete tiltak, framdrift og finansiering.
- Vedtekne og modne prosjekt må faktisk gjennomførast, og ikkje bli utsette eller gjenstand for nye omkampar.

Samla peikar utgreiingane på behovet for meir jernbane. Ringeriksbanen er eit sentralt tiltak, og no er det avgjerande med politisk vilje og gjennomføring